



# Melding om arbeidet

2020



*Frå ein av dugnadane på gravrøysa i Vikja.*

2020 vart også eit spesielt år for grendalaget. Rett etter årsmøte vart landet «stengt ned» og det meste av arrangement og sosiale aktivitetar vart avlyst. Grendalaget greidde likevel å gjennomføre fleire av dei planlagde aktivitetane, innafor reglane for smittevern. Eit par søndagskafear og hjortefesten vart avlyst, men både 17.mai og sommarbasaren gjekk som planlagt. Det har vore bra frammøte på arrangementa.

Grendalaget har hatt kraftig medlemsauke, frå om lag 50 til 120 medlemmer.

Laget har hatt strandryddeaksjon og gjort mykje arbeid med å gjere gravrøysane meir tilgjengeleg for folk.

Det er gjort bra med dugnadsarbeid på dei to grendahusa. Drifta av laget gjekk i balanse.

Diverre har vi ikkje kome vidare med å få breiband/fiber og god mobildekning til alle i Botnane og på Årebrot.. Vi har heller ikkje kome vidare med å få til utbetring av vegen gjennom bygdene.

**Årsmøte 2020** vart haldt i Årebrot grendahus laurdag den 7.mars. 13 medlemmer møtte.

Styret har vore: Åsmund Berthelsen (leiar og kasserar), Nina Seljestokken (nestleiar) og



styremedlemmer Elisabeth Nordbotten, Tone Seljestokken og Vetle Aase Øvrebotten. Vara har vore 1. Helen Aasen, 2. Jens Anders Sunde og 3. John Magne Sande. Sigfred Nøttingnes vart valt til ny revisor og valnemnd vart Alex Mannaart(leiar), Torbjørn Øvrebotten og Trude Sørbotten.

Årsmøte godkjende årsmelding og vedtok ein arbeidsplan. Kontingentsatsen vart uendra, 150 kr for vaksne og 50 kr for dei mellom sju og 18 år. Årsmøte drøfta avtala mellom BÅG og Årebrot grendahus partslaget. Avtalen vart forlenga med inntil to år.

Vidare fekk styret fullmakt til å utarbeide utleigesatsar for lokala i begge husa og husværet i Botnane, med tanke på nye investeringar og forbetringar.

*Alle med på søndagskafeen før jul på Årebrot.*

**Styret** har hatt fem møte sidan årsmøte i 2020 og arbeidd med grunnlag i arbeidsplanen.

### **Medlemmer**

Grendalaget har hatt ein kraftig vekst i medlemstalet sidan årsmøte i 2020, frå om lag 50 til 120 medlemmer. Innbetalinga av kontingent så langt i 2021 er god. Det vert arbeidd med å ajourføre medlemsliste og få kontaktadresser (e-post og mobilnummer) til alle medlemmene. Informasjon til medlemmene går no via heimeside og fjesbok-side





*Sommarbasaren samla bra med folk og gav bra med pengar i kassa til grendalaget.*

### Stor aktivitet

Aktiviteten har vore merka av koronapandemien og smittevern-tiltak. Difor vart nokre søndagskafear og hjortefesten avlyst. Men grendalaget greidde å arrangere både 17.mai og sommarbasar innafor reglane, og utan at det vart spreidd smitte. Både sommarbasaren og 17.mai vart arrangert på Årebrot.



*Solveig heldt 17.mai-talen i 2020!*

Søndagskafeen er den første søndagen i månaden. På grunn av smittevern-reglar fekk vi ikkje gjennomført alle. Vi prøver å ha eit innslag eller eit tema på kafeane. På førjulskafeen var ordføraren i Bremanger på besøk. Ho fortalde om seg sjølv, og vi drøfta tema som breiband/fiber, mobildekning og vegsaker, opprusting av Frøysjøvegen og tunellen Svelgen Indrehus med ho.

Grendalaget har sendt skriftleg kommentar til kulturminneplanen som no vert ferdighandsama. Kulturminna i Botnane er godt med i planen, både gravrøysane, gravstaden og krigsminne. Planen femner om både materielle og ikkje-materielle kulturminne.

I oktober var det søndagskafe der Berit Seljestokken med familie fortalde om hundekjøring og deltaking i Finnmarksløpet.

På søndagskafe i november vart det orientert om framdrifta i arbeidet med å få fram og vise gravrøysane i Botnane og på Årebrot.

I samband med søndagskafeen i juni vart ei fast, fin utstilling med digitale bilete av Fridtjov Urdal opna på grendahuset på Årebrot.

I september hadde grendalaget saman med Rom for ord bokbad i grendahuset i Botnane, med forfattar av boka 1900-talet, Ottar Grepstad og intervjuja Magni Øvrebotten.



*Også i 2020 vart det gjort dugnadsarbeid på grendahusa. På Årebrot vart gamle leikeapparat teke ned, tre hogd og panel skifta. I Botnane er to dører skifta, og det er måla og rydda. Og vi tok oss sjølv tid til både mat og ein prat!*

### **Grendahusa er utbetra og brukt**

Dei to ytterdørane på framsida av huset i Botnane er skifta. Med dørar i furu med al i frå Setesdalen og skikkeleg vern mot vatn trur vi dei skal halde nokre år. Det står att å fore ut på innsida og sette på dørlister.

Skulestova er gjort ferdig med ny vegg og isolasjon mot husvære.

Det er gjort ein svær jobb med å ordne bøkane og innreie til eit fint lokale for mindre møte og samkomer. I januar var det preike og barnedåp i den nyoppussa skulestova.

Heile framsida på huset og delar av vestveggen vart måla på dugnad i juni. Det vart ordna ute med blommar og anna og vaska i sløydsalen på dugnad.



*Det er sett inn nye ytterdører på framsida av grendahuset i Botnane.*

Sløydsalen har vore utleigd for overnatting nokre dagar til elevar frå UWC i Flekke og til arbeidarar som har hatt oppdrag for NSE i Seljestokken. Husværet har også vore utleigd til NSE gjennom heile 2020.

Golvet i salen i grendahuset på Årebrot er bona, og gamle øydelagte leikeapparat er tekne ned og kasta. Og det er hogd ned ein del tre kring huset og det er skifta mange kledningsbord. Det er også kjøpt inn ein del utstyr og gjenstandar til huset på Årebrot. Ei sak om at grendalaget skal overta huset og eigedomen kjem opp på årsmøte. Grendalaget har gjennom ei avtale med partslaget hatt ansvaret for drifta, utleige og vedlikehaldet av huset i snart fem år. Eit

ekstraordinært årsmøte i partslaget har vedteke å overdrag eigedomen til grendalaget på



nokre vilkår. Etter at årsmøte i grendalaget har handsama dette må saka opp på nytt årsmøte i partslaget før overdraginga kan skje.



Det er kjøpt inn to nye bord med benkar til grendahuset på Årebrot. Det er ein del arbeid med husa, men dei gjev også gode og viktige inntekter til grendalaget. Det styrkar drifta og gjev grunnlag for å halde husa godt vedlike.

I slutten av juni vart grendahuset på Årebrot brukt til bryllaupsfest!

*I samband med søndagskafeen i juni vart ei fast, fin utstilling med digitale bilete av Fridtjov Urdal opna på grendahuset på Årebrot.*



*Det vart rydda over alt under strandryddeaksjonen.*


### **Strandrydding**

I juni sto grendalaget for strandrydding som ein del av ein felles aksjon langs kysten. Grendalaget fekk eit tilskot på 10.000 kr frå Fjordane friluftsråd. Desse midlane gjekk til container og avgift for å få bli kvitt det innsamla avfallet på ein skikkeleg måte. Grendalaget planlegg også i år vere med på denne aksjonen og har meldt seg på. Og vi søker om midlar. Mange har også rydda utanom aksjonen og etter kvart har det vorte mindre søppel å sjå i fjæresteinane. Dette er eit viktig arbeid å gjere.

### **Turstiar**

Det er sett opp informasjonsskilt ved starten på tre av turstiane, mot Nøre dalen ved Jørnjorda i Øvrebotten, sør for Korsnesvika og stien mot Opnaren og Middagsnova og ved Skudalselva for stien mot Knoltren og Skaravatnet. Det har ikkje vorte merka fleire stiar.

## Gravrøysane fram i lyset



*Stoppeplassen i Sletten er ferdig opparbeidd med fundament for informasjonstavle. Og no er gravrøysa i Vikja godt synleg.*

Arbeidet med tilrettelegging og informasjon om gravrøysane nærmar seg fullføring, og det er bestemt opning laurdag 8. mai. Fylkesordførar Jon Askeland vil stå for opninga som skal gå føre seg på den nylaga stoppeplassen i Sletten som Øystein Faye har gjort ferdig. På opningsdagen vil det verte arrangert busstur med guiding Sørøver til Villevika med stopp på stader der det skal settast opp skilt.

Magni Øvrebotten har saman med arkeolog Berit Gjerland i fylkeskommunen skrive tekst og funne bilete til fem skilt som skal opp på ulike stader, eit i Sletten, eit ved vegen ved Kvia, eit ved vegen nær Opnarhella, eit i Seljestokken nær avkøyringa til steinbrotet og eit i kaiskuret på Årebrot.

Det er rydda kring røysane i Sørbotten og i Vikja. No står det att å opparbeide parkeringslommer i Sørbotten. Planen for det er godkjent av fylkeskommunen. Før det kan gjerast, må det kostnadsreknast, søkjast om midlar og løyve frå kommunen. Truleg dekker ikkje midlane fylkeskommunen har fått frå riksantikvaren til dette arbeidet. Det vert søkt om midlar frå næringsfondet i Bremanger og andre. Flora historielag har allereie løyvd midlar til arbeidet. Gjennom midlane frå riksantikvaren står fylkeskommunen økonomisk ansvarlege for prosjektet. Og grendalaget har så langt fått dekkja sine direkte utgifter. Det er lagt opp til at grendalaget må gjere ein jobb på dugnad både med å rydde og å lage tekst til både informasjonstavler og ei eiga nettside som del av heimesida til grendalaget. Det er ikkje lagt opp til at grendalaget skal ha direkte utgifter på arbeidet med gravrøysane.

### **Drift i balanse**

Rekneskapan er gjort opp med eit underskot på heile 145.000 kr. Forklaringa på det er at leige for brakkeriggen ved Årebrot grendahus og husleige for husværet i Botnane ikkje vart betalt før etter 31.12.20. Dette er no betalt inn med litt over 140.000 kr. Såleis gjekk drifta av grendalaget i balanse i 2020. Desse leigeinntektene utgjer ein stor del av inntektene til grendalaget og er viktige for både aktiviteten og investeringane.

### **Breiband og veg**



Det er gjennom heile året gjort stendige framstøytar for å få både Bremanger og Kinn kommune stå på **for å få skikkeleg breiband/fiber i bae bygdene**. I Kinn er det lova ein plan i februar/mars. Det vart gjennomført ei interessekartlegging på Årebrot i juni månad. Interessa er stor. Men likevel søkte ikkje Kinn på dei stalege/fylkeskommunale midlane. Dei skulle ha sitt eige opplegg. Førebels har ikkje det gjeve noko.

Bremanger hadde ikkje Botnane med på si liste over bygder som skulle få breiband/fiber med dei midlane fylkeskommunen tildelte. Men det er gjort opsjonsavtale med Telenor for Botnane, men uvisst når det vil bli. Staten løyver ein god del midlar til å skaffe mindre bygder og utkantar tilfredstilland breiband/fiber, så kommunane må stå på for at også Botnane og Årebrot får den heilt naudsynte infrastrukren eit moderne samfunn treng, både private og næringsliv.

Mobildekninga er dårleg både på delar av Årebrot og i Øvrebotten. Det har vore kontakt med Telenor, men lite har skjedd. No når koparlinja skal ned får nokre tilbod om forsterka mobilsamband med antenne og «boks». Dette er tinga til grendahuset i Botnane.

Det er ikkje gjort så mange konkrete utspel for å få merksemd om at Frøysjøvegen treng å verte utvida ein del stader og eit betre vedlikehald. Etter mykje tungtransport over ei tid er vegen fleire stader svært nedsliten. I samband med regional transportplan som det no vert arbeidd i fylkeskommunen må grendalaget sende innspel på vedlikehald og opprusting av vegen, heilt frå Myklebustkrysset til Villevika.



Grendalaget har ikkje gjort nye framstøyt for å få sett ned fartsgrensa gjennom Botnane.

Grendalaget har ikkje endå gjort noko konkret for å få fram ei vidareføring av fylkesvege 577, Frøysjøvegen frå Villevika mot Flora over Terøya som prosjekt

6.mars 2021

Åsmund Berthelsen  
(leiar i styret)